

Uttale frå Naturvernforbundet i Kvinnherad

Vedkomande fornya søknad frå Ølve Bruk om konsesjon for vassuttak og regulering av Kvitebergsvatnet

Alsaker Fjordbruk har søkt om konsesjon for vassuttak og regulering av Kvitebergsvatnet for å sikre vassforsyning til eit settefiskanlegg på Ølve. Søknaden omfattar ei regulering frå kote 9,5 (normalvasstand) til kote 7,9 – ei senking på 1,6 meter i tørre periodar. Naturvernforbundet i Kvinnherad stiller seg kritisk til ei slik omfattande regulering, grunna dei potensielt alvorlege konsekvensane for naturmangfaldet og bruken av området. Me støttar i stor grad innspela våre på uttalen frå grunneigarar kring Kvitebergsvatnet.



1: Kvitebergsvatnet er 3 km langt. Bilete er teke i Attramadal. Foto: Mari Teigen Varanes

Bruk av vatnet og området rundt

Kvitebergsvatnet er eit tre kilometer langt vatn med ei strandlinje på 12 km, rikt på holmar og omgitt av både utmark og noko innmark. Rundt vatnet ligg fleire småbruk, 10–12 hytter og fritidsbustadar, samt fleire naust og sandstrender. Vatnet er mykje brukt til friluftsliv og rekreasjon, noko grunneigarar kan bekrefte. Bubilplassen på Røyrane – kåra til Noregs beste i 2023 – har Kvitebergsvatnet som sitt viktigaste trekkplaster.

Ei så markant senking av vasstanden som Alsaker Fjordbruk søker om vil føre til at fleire naust mister tilgangen til vatnet, sandstrender vert omgjort til gjørmebotn, og opplevingsverdien for både fastbuande og tilreisande vert sterkt redusert.



2: Sandstranda ved Røyrane bubilparkering. Her kviler ei stokkand med ungane sine. Vatnet lenger uti har gjørmebotn, og ved ei nedtapping vil ikkje dette vere ein eigna badeplass. Foto: Mari Teigen Varanes

Konsekvensar for natur og økosystem

Kvitebergsvatnet og områda rundt framstår som ei stille og verdifull naturperle, med rikt fugleliv og artsmangfald. Under eit kort besøk 15.06.2025 observerte Naturvernforbundet hekkande fugl som stokkand, hegre, fiskemåke, svartbak og strandsnipe. Myrområda og sivbeltet langs vatnet er viktige leveområde for insekt, fugl og amfibiar, og me opplevde eit yrande liv då me besøkte området. Grunneigarar rapporterer også om blodigle, aure og ål i vatnet.

Ein rapport frå Rådgivende Biologer (2000) viser at 27,5 % av vatnet har ei djupne på mellom 0 og 5 meter. Ei gjentakande nedtapping på inntil 1,6 meter vil kunne få store konsekvensar for økosystemet, og påvirke både artssamansetning og naturtilstand.

Naturvernforbundet meiner det er heilt naudsynt med ei uavhengig og grundig konsekvensutgreiing før eventuell konsesjon vert gitt. Sjå vedlegg 1 for forslag til utgreiingstema, utarbeidd av professor Gaute Velle ved NORCE.



3: Rundt vatnet finn me planter som trivst der det er vått og fuktig. Her ser me blant anna Sverdlilje. Ei stadig nedtapping vil få konsekvensar for økosystemet her. Foto: Mari Teigen Varanes



4: Myrull i kanten av Kvitebergsvatnet. Her var det eit veldig insektsliv, og me observerte Strandsnipe, Hegre og Kvitryggspett på denne staden. Foto: Mari Teigen Varanes

Alternative tekniske løysingar

I søknaden frå Alsaker Fjordbruk vert det vist til at anlegget skal vere «delvis sjøvannsbasert/hybrid med bruk av vassbesparande teknologi». Moderne settefiskanlegg kan i dag drivast med resirkuleringsteknologi som reduserer behovet for ferskvatn betydeleg.

Alternative løysingar kan me lese at har vore framme i samtalar med kommunen, jmf. brev av 22.januar 2025 frå Kvinnherad kommune, ref. 2024/5321-14. Der heiter det: «Som det vart sagt i oppstartsmøtet er planarbeidet (for reguleringsplan Ølve

Industribase) ikkje 100% avhengig av vasskonsesjonen. Dette fordi, dersom det skal etablerast drift på industriområdet som krev ferskvatn og det ikkje er løyve frå NVE, kan det løysast med enten tekniske løysingar eller annan type produksjon».

Statsforvaltaren vurderte i 2014 at auka vassuttak frå Kvitebergsvatnet var eit unødvendig naturinngrep, då krava til beste tilgjengelege teknologi ikkje var oppfylte. Statsforvaltaren rådde til at søknaden den gongen vart avslått. Naturvernforbundet meiner det må stillast krav om bruk av slik teknologi også i denne saka, for å redusere behovet for ferskvatn og dermed avgrense naturinngrepa.

Konklusjon

Naturvernforbundet i Kvinnherad forstår behovet for fleire arbeidsplassar og verdiskaping på Ølve. Samstundes må dette ikkje skje på bekostning av natur, friluftsliv og rekreasjonsverdiar i og rundt Kvitebergsvatnet. Me har eit ansvar for å ta vare på verdifulle naturområde, jmf. Naturavtalen, og må unngå omfattande naturinngrep som ikkje er absolutt nødvendige. Slik me ser det vil den omsøkte reguleringa føre til eit stort naturinngrep som ikkje er nødvendig.

Me krev:

- Ei uavhengig og grundig utgreiing av konsekvensar ei regulering kan ha for natur i og ved Kvitebergsvatnet.
- At det vert stilt krav om bruk av beste tilgjengelege vassreduserande teknologi, for å gjere behovet for ferskvatn mindre – og dermed hindre ei så omfattande nedtapping av vatnet.
- At det ved ei ev. regulering blir lagt til rette for at ål og aure framleis kan vandre opp Hytteelva.

Med venleg helsing

Naturvernforbundet i Kvinnherad, ved Mari Teigen Varanes

16.juni 2025

Vedlegg 1: Forslag til konsekvensutgreiing i Kvitebergsvatnet, av professor Gaute Velle.

Tema	Hvorfor viktig	Konkret feltarbeid / analyse
1. Vanndynamikk og dybdeforhold	Svært grunt vann + 1,6 m nedtapping kan gi stor reduksjon i areal og volum, økt resuspensjon og endret vannutskifting.	Høyoppløselig dypkart for å beregne areal–volum–kurve. Simulere volumtap, oppholdstid og sirkulasjon ved ulike tappescenarier
2. Temperatur- og oksygenforhold	Det er allerede lavt O ₂ . Inngrep kan påvirke O ₂ ytterligere	Sesongvis CTD-profiler (temp, O ₂ , ledningsevne) vinter, vår, sommer, høst
3. Vannkvalitet (næringsstoff, organisk belastning)	Bunnsлам kan frigjøre P/N ved nedtapping som kan føre til algevekst, særlig hvis oppdrettsvann pumpes tilbake	Vannprøver (TP, TN, DOC, farge, klorofyll a) 3–4 ganger i året
4. Bunnfauna (makroinvertebrater)	Gruntvannsområdet er viktig habitat og tørrlegging kan redusere biodiversitet og fiskeføde	Sparkeprøver i strandsonen + dypere grabbprøver. Sammenligne bunnfauna før og (ev.) etter prøve-tapping. Se etter rødlistede arter. Vurdere næringsnett.
5. Fisk og gyteplasser	Fisk kan bruke elveos/strand for gyting. Redusert vannstand kan tørke ut gytesubstrat og/eller egg og yngel kan strande og dø	Elektrofiske/garn for arts- og alderssammensetning. Kartlegge mulige gyteplasser, finne kotehøyde for gyteplasser
6. Makrofytter og kantvegetasjon	Inngrep kan tørrlegge røtter, øke erosjon og frigi næring. Kan endre plantesamfunnet	Kartlegging av vannplanter. Se etter rødlistede arter
7. Amfibier / fugl	Grunne områder kan være yngleområde eller beiteområder	Se etter mulige amfibier (voksne, egg, larver). Kartlegge fugler som bruker innsjøen under alle årstider. Se etter rødlista arter

Tema	Hvorfor viktig	Konkret feltarbeid / analyse
8. Hydrologi nedstrøms	Endret utløpsregime påvirker bunndyr, fisk og temperatur i utløpsbekken	Kontinuerlig vannføringsmåling i utløpsbekken
9. Kumulative effekter	Kombinasjon av regulering + utslipp fra settefiskanlegg + evt andre påvirkninger	Naturmangfoldloven § 10: «En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.»
10. Effekter på mennesker/ kulturelle økosystemtjenester	F.eks badesteder, fisketurer, hytter, utsikt, kulturminner, opplevelsesverdi, identitet. Kartlegg nåværende bruk og verdi. Hva skjer med tjenestene ved regulering?	Spørreundersøkelse/ intervju, besøks eller trafikkregistrering, evt. fiskekort